

# Nytt kultur- og kyrkjebygg i Meland!

## 1. Innleiing

I år feirar Meland kyrkje 150 år. Dette er ei kyrkje vi er glad i og vil ta vare på framover. Samstundes ser vi behov for møteplassar tilpassa arbeidsformer som fagnar mykje meir enn den tradisjonelle gudstenesta.


Vi ser for oss eit nytt kultur- og kyrkjebygg som kan vere open og tilgjengeleg heile veka for ulike aktivitetar og grupper. Allereie tilbake på 1990-talet peika biskop Per Lønning på dette behovet. Etter den tid har Meland nesten fordobla innbyggartalet og behovet har auka ytterlegare.

Også i kommuneplanen for Meland er behovet for ulike møteplassar understreka og i intensjonsavtalen for kommunesamanslåing vert det peika på kor viktig det er med lokal identitet, lokal tenesteproduksjon, levande nærsenter og omsynet til barn og unge.

Vi ønskjer difor eit nytt kultur- og kyrkjebygg i Meland som kan møte desse behova – eit nytt godt bygg, i den mest folkerike delen av kommunen, der folk flest kan møtast

## 2. Behovet

Meland har omlag 8.000 innbyggjarar. Kommunen er ein av dei med størst auke i folketalet og SSB forventar at denne veksten skal halde fram.



Dei tilsette og dei om lag 200 frivillige medarbeidarane i kyrkjelyden, har lenge sett behovet for eit nytt kultur- og kyrkjebygg. Auken i folketalet gjer at behovet for ny kultur- og kyrkjebygg vil forsterke seg framover.

Tal på personar som er 68 år og eldre vil auke raskt, og om 10 år vil det vere om lag 60 % fleire eldre/pensjonistar. Dette vil vere ein ressurs for kommunen, men det vil også utfordre behovet for

auka diakonalt arbeid. Eit nytt kultur- og kyrkjebygg vil kunne bli ein god samlingsstad for denne gruppa.

Barne og ungdomsarbeidet vil også ha aukande behov for ein samlingsplass der ein kan ha ulike aktivitetar som musikk, kor, drama , dans , forming, speiding og ikkje minst meir uformell klubb-aktivitet.

Frekhaug og nærområdet har hatt den største veksten i folketalet. Framover vil den største auken også vere der. Det vil vere viktig å få realisert eit nytt kultur- og kyrkjebygg som ein stor del av befolkninga kan ha gang-/sykkel avstand til. Vi vil samstundes understreka at det nye kultur- og kyrkjebygget skal vere ein samlingsplass for heile Meland.

I tillegg til gamlekyrkja og leigde lokale har kyrkjelyden i dag eit lite lokale med plass til inntil 40 personar, kalla Møteplassen. Alt arbeidet som i dag skjer på Møteplassen og andre leigde lokale vil vi ha inn i den nye kultur- og kyrkjebygget.

Det gjeld pr i dag:

<b>Aktivitetsnamn</b>	<b>Innhald</b>	<b>Frekvens</b>	<b>Oppslutning (pr samling)</b>
Open Møteplass	Treffpunkt/kafe for dei som er heime på dagtid	3 dagar i veka	10-15
Norskkurs	Grunnundervisning/leksehjelp for innvandrarak/flyktningar	1 kveld i veka	20-30
Internasjonal kafe	Sosial treffplass med språktrening og relasjonsbygging etter norskkurset	1 kveld i veka	Ca 20
Babysong/småbarnstreff	Formiddagstreff med song, lett servering, relasjonsbygging	1 formiddag i veka	20-40
Samlingar for dåpsfamiliar	Førebuande møte for dåp	2 gonger i månaden	Varierar (100 dåp i året)
Konfirmantundervisning		2 gonger i veka	Inntil 30
Kyrkjeskule for vaksne	Undervisningsamlingar for vaksne	1 kveld i veka	10-20
Utleige til selskap			
Bønemøte	Samlingar om morgonen	2 gonger i veka	3-10
Møte/komiteemøte			

Møteplassen Ungdom har halde til i Nordgardsløa. Det har vore ein open treffplass med låg terskel for ungdomskuleelevar, etter skuletid, med oppslutning på mellom 10 og 30 pr gong. Av ulike grunnar har arbeidet ein pause p.t.

I tilknytning til Møteplassen er det kontorplassar til dei tilsette. Ein har god erfaring med å ha møtelokale og kontor samla. Det må ein også få til i eitt nytt kultur- og kyrkjebygg.

Ei flytting av kyrjekontoret til eit nytt bygg kan føre til ei «innsparing» på ca kr 400.000 i året i leigekostnader. Dette kan gjerast om til driftsmidlar og nyttast til avdrag på eit eventuelt byggelån.

Erfaringa frå andre aktive kyrkjelydar, som Meland kan samanlikne seg med, er at eit nytt tenleg kultur- og kyrkjebygg fører til stor auke i den frivillige aktiviteten.

Kva kunne vi gjort som vi i dag ikkje får til grunna plassmangel?

(Her er nokre få døme frå andre kyrkjelydar)



Det vil ikkje vere mogeleg å kunne bygge om dagens kyrkje slik at vi kan få stetta desse behova. Den geografiske plasseringa er også lite tenleg.

### 3. Moglegheiter i felles løysing i eit fleirbrukshus/kulturkyrkje:

Kyrkjelyden sin visjon «Nær menneske» er lett å kombinere med kommunen sin visjon – «Eit samfunn for alle». For å kunne realisere begge desse visjonane er det viktig for kommunen og kyrkja å skape møteplassar. Å bygge eit kultur- og kyrkjebygg i same hus, vil kunne skape ein ny slik møteplass.

I kommuneplanen for Meland er det understreka at kommunen må samarbeide med frivillige lag og organisasjonar for å nå sine mål. Eit nytt kultur- og kyrkjebygg på Frekhaug kan bli ein del av den sosiale infrastrukturen som den vedtekne kommuneplanen ønskjer å realisera. I kommuneplanen er det vist til at det må satsast på kultur og uformelle møtestadar som førebyggjande tiltak for å fremje folkehelsa. Vi meiner at eit kultur- og kyrkjebygg på Frekhaug kan vere ein slik uformell møtestad.

Vi trur det er svært viktig at kommunen følgjer opp det ansvaret som dei har peika på i kommuneplanen: Det å vere ein samfunnsutviklar betyr at kommunen skal ta ansvar for å tilrettelegge for møteplassar. I intensjonsavtalen for ny samanslått kommune er det lagt vekt på bygging av lokal identitet, lokal tenesteproduksjon, lokale omsorgstenester, tiltak for barn og unge og levande nærsenter. Viss dette skal bli meir enn flotte ord i eit dokument, må det leggest til rette for gode bygningar der folk flest kan møtast. Kyrkja og kommune har felles interesse av å realisere dette.

Meland kommune vil frå 2020 vere ein del av ein større kommune i Nordhordland. Å ha eit levande lokalsamfunn vil vere minst like viktig då. Kanskje endå viktigare enn før. Vi meiner at kombinasjonen av eit fleirbrukshus/kulturkyrkje vil kunne løyse ut lokale ressursar og det kan bli eit levande lokalt møtepunkt som gir samhold og styrkar identiteten.

Vi vil peike på nokre område som kan vere aktuelt å få inn:

Her er det også pengar å spare på leige

<b>Moglegheit i kulturdel</b>	<b>Leigekostnad pr år i 2016</b>	<b>Meir om bruken</b>
Bibliotek	1.130 000	Separat /sambruk
Kulturskulen	20-40.000 (ny avtale blir inngått for 2017 i desse dagar-tala kan informerast om i møtet)	Sambruk (separat kontor)
Fritidsklubb	---	Sambruk
Torg		Sambruk
Kafe		Sambruk, i samarbeid med for eksempel Gløde?
Barnehage	----	Separat
Konferansar/kurs	??	Separat
Forsamlingssal med fleksibel bruk		Sambruk
«Bydels»-senter for frivillig arbeid		

Kommunen ser behovet for førebyggjande arbeid, ikkje minst mellom barn og unge. Det er svært viktig at dette skjer så lokalt som mogleg. I 2007 starta Salto opp i Knarvik senter som eit samarbeid mellom kommunane, politiet, kjøpesenteret, vidaregåande skule og kyrkja. Dette har vore eit vellukka tiltak, som konkret har vore førebyggjande og har hjelpe ungdom som har kome litt skeivt ut til å kome på rett kurs. Men eit tiltak i Knarvik har ikkje verknad for barn og unge som «heng» på Frekhaug. Vi treng også førebyggjande arbeid lokalt, ikkje minst for dei uorganiserte ungdommane, som lett kan kome i vanskar.

Ein (1) ung person som fell utanfor arbeidsliv kostar samfunnet mange millionar kroner. \* Viss den same personen får problem med rus/psykisk sjukdom eller kriminalitet veks kostnadane skyhøgt. Kvar person er verdifull i seg sjølv, og ein tapt ungdom er først og fremst tragisk for han sjølv og for dei pårørande, men det må likevel vere legitimt å peike på at det er viktig for lokalsamfunnet å ta vare på den enkelte.

Det er også viktig med uformelle møteplassar for vaksne og eldre, og det var eit tap for Frekhaug når vi mista konditoriet, til dømes.

Både kommune og kyrkje ønskjer å gjere ein forskjell for lokalsamfunnet. Vi ønskjer eit levande sentrum på Frekhaug. Vi treng møteplassar og vi kan få det betre til ved å samle kreftene.

Dersom vi spreier oss på fleire tiltak og bygningar kan kvar av dei bli for lite berekraftige, ikkje minst fordi vi må «konkurrere» med eit større sentrum i same kommune – Knarvik.

Folk som bur i Meland vil ikkje vere tent med at alt skjer i Knarvik. Det er svært viktig å sørge for at folk har aktivitetar, finn vener og nettverk og kjenner at dei høyrer heime i eit lokalsamfunn. Førebyggjande arbeid kan bety millionar spart på budsjetta for helse- og sosialsektoren. Dette gjeld også barn, familiar, vaksne og eldre.

#### **4. Kva har vi gjort så langt – kva må skje framover**

Eitt nytt kyrkjebygg på Frekhaug har vore ein draum lenge. I samband med områdereguleringa av Frekhaug kom tanken om ein kombinasjonsmodell kyrkje/kultur på bana, og vi har fått klart inntrykk av at dette er noko kommunestyret har ønska og har jobba utifrå den modellen i vidare arbeid.

Kommunestyret løyvde midlar til kjøp av tomt. Det er i reguleringsplanen satt av område som kan nyttast til ny kyrkje. Det er oppretta dialog med eigar av tomta for å avklare eventuelt kjøp.

Når tomta er på plass må vi få avklart kva type kultur- og kyrkjebygg det er rom for å bygge. Korleis stiller kommunen seg til eit samarbeid med kyrkja om å få realisert eit kultur- og kyrkjebygg? Vi trur at vi no har eit sjeldan høve til å få realisert noko som kan styrke heile Meland og vere eit møtepunkt som også kommunen ser behov for.

Men soknerådet og kyrkjeutvalet treng eit svar på kva kommunen vil, for å kome vidare i arbeidet. Rom- og funksjonsplan, som er forarbeidet til ein arkitektkonkurranse, kan ikkje gjerast ferdig før kommunen gjer klart signal om dei ønskjer ein kombinasjonsmodell med kultur- og kyrkjebygg eller ikkje. Vi meiner at vi no har eit godt høve til å tenke framtidsretta og løyse fleire behov på ein rasjonell og god måte. Etter kyrkjelova skal kommunen «utrede ... (=dekke) utgifter... til bygging, drift og vedlikehold av kirker» og kontorhald for prestar og andre tilsette i kyrkjelydane samt lokale til konfirmantundervisning. (kl §15)

Samtidig ser vi gode moglegheiter for nye inntekter, innsparing ved sambruk og flytting frå leigde lokale og ikkje minst sparte utgifter pga førebyggjande arbeid. Kyrkjelyden vil også gjere alt dei kan for å samle inn pengar og gjere dugnad for å finansiere prosjektet. I kyrkjelydar det er naturleg å samanlikne seg med har det vorte reist midlar for inntil 40% av kostnadane ved nye kyrkjer.\*\*

I staden for å spørje ; har vi råd? – kan vi spørje «Har vi råd å la vere?» Vi håpar kommunestyret har lyst til å vere med på eit viktig og spennande prosjekt. Det kan i ettertid kome til å vise att både i ein konkret bygning og at mange personar har fått eller beholdt ein høg livskvalitet fordi det var ein stad å vere. Målet må vere eit levande sentrum på Frekhaug. Middelet er eit kultur/kyrkjebygg som er fylt av aktivitetar 07-23 måndag til søndag.

*Konkret ber vi om svar på dette:*

*\*Meland kommune har tidlegare signalisert ønskje om eit felles kultur/kyrkjebygg. Står dette ønsket ved lag?*

*\* Kva funksjonar ønskjer Meland kommune å få inn i eit felles kultur/kyrkjebygg*

*\*Kor mange kvadratmeter treng dei ulike funksjonane? Separat og i sambruk?*

*\* Kyrkja ønskjer ein rask framdriftsplan for å realisere prosjektet. Kva ser kommunen som realistisk?*

*Kjelder:*

*\*Sjå til dømes Rasmussen mfl: Samfunnsøkonomiske konsekvenser av marginalisering blant ungdom: <https://www.stfk.no/pagefiles/65898/Samfunns%C3%B8konomiske%20konsekvenser%20av%20marginalisering%20blant%20ungdom%20-%20Vista%20Analyse.pdf>*

*\*\*« Mogleg finansieringsplan for ny kyrkje i Meland». Utarbeidd av arbeidsgruppe mai 2016.*

-----

Med helsing

Kyrkjeutvalet, som planlegg nytt kultur/kyrkjebygg på Frekhaug etter mandat frå Meland sokneråd.